



Majo Eigedom as
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/631 - 17/11238

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
12.04.2017

Førebels svar med trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 146/47 Fosse ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om rammeløyve 20.02.2017. Søknaden om inngrep i automatisk freda kulturminne etter Lov om kulturminne er oversend Hordaland Fylkeskommune for vidare handsaming, jf skriv datert 11.04.2017, og saka er send på høyring til regionale styresmakter, jf skriv datert 12.04.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Utnyttingsgrad

I punkt 5.14 i føresegnene til kommuneplanen er det fastsett at bygd areal ikkje skal overstiga 20 %. Omsøkt tiltak har ei utnyttingsgrad oppgitt til 22 % BYA og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon før tiltaket kan godkjennast.

Gjennomføringsplan

Gjennomføringsplanen skal visa alle relevante fagområde, ansvarsområde og tiltaksklasse for tiltaket. Innsend gjennomføringsplan må supplerast. Naudsynte erklæringar om ansvar ligg føre for å kunne handsama søknad om rammeløyve.

Mur

Situasjonsplanen viser etablering av mur. Det må sendast inn tilstrekkeleg dokumentasjon slik at kommunen kan vurdere tiltaket, jf punkt 5.16 i føresegnene. Søknaden må dokumenterast med lengdesnitt av muren.

Ut frå situasjonsplanen ser det ut som muren er plassert heilt i grensa mot gbnr 146/46 og mindre enn 4 meter frå grensa mot gbnr 146/41 og vil følgeleg krevja at det ligg føre samtykke frå eigarane av desse naboeigedomane eller at det vert søkt om dispensasjon frå pbl § 29-4.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 12.05.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Vi gjer merksam på at sakshandsamingsfristen i dette tilfelle vert forlenga med den tid sakshandsaminga av søknaden om inngrep i automatisk freda kulturminne tar.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Majo Eigedom as

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ

Mottakarar:

Majo Eigedom as

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ